

**Fra:** asbjørn eikerol [aeikerol@hotmail.com]  
**Til:** Postmottak Sentraladm [Postmottak.Sentraladm@sfj.no]  
**Kopi:**  
**Sendt:** 06.06.2016 00:05:58  
**Emne:** Tannhelsetenesta. Tannklinikkar kan bli lagde ned.  
**Vedlegg:**  
**Tannhelsetenesta. Tannklinikkar kan bli lagde ned.**

Eg vil be om at dette skrivet vert delt ut til politikrane i Fylkestinget.  
Eg skal ettersende oppdatert uttale.

Myh

Asbjørn Eikerol

[http://fjaler.origo.no/-/bulletin/show/865812\\_tannhelsetenesta-tannklinikkar-kan-bli-lagde ned-sentralis](http://fjaler.origo.no/-/bulletin/show/865812_tannhelsetenesta-tannklinikkar-kan-bli-lagde ned-sentralis)

44

Dette skrivet er frå 16.04.2016

Det er også sendt til fylket. Det er synd at dei politiske partia synest å gå inn for denne unødvendige sentraliseringa.

Eg vil be om to ting:

At politikarane les rapporten til Clara Øberg.

At dei les høyringsuttalene til saka.

4.06.2016

Asbjørn Eikerol

g g g

## **Det glade budskap frå arbeidsgruppa i SFj fylke:**

**MÅL** Ei vidareutvikla og kvalitetsorientert tannhelseteneste basert på målretta førebyggjande innsats og profesjonell klinisk praksis til beste for pasientane.

**Dette er vakkert, men realiteten er trasigare:** Tannhelsetenesta må spare 11 mill fram til 2019.

Fylket går nedover.

**Som normalt:** Nedleggingar. Store og robuste. Sentralisering er løysinga.

Bett nok finn dei innsparingar i administrasjon, kurs, skyss og anna til 11 mill.

**Vi har no 28 tannklinikkar. 13 skal flyttast så det skal bli berre 15.**

Men like mange tapplegar og tapppleiar som før

2019 Tannlegar 38,60 Tannpleiarar 15,90 Assistentar 41,30

Endring i bemanning Tannlegar +0,90 Tannpleiarar +1,10 Assistentar -2,25

**Så poenget er** å sentralisere desse folka. Det gjev vidareutvikla og kvalitetsorientert tannhelseteneste. ?????

Faktum er at vi får eit dyrare tilbod med lengre avstandar for mange unge og eldre. Dei fleste vil ikkje merke noko. .

Eit dårlegare yrkestilbod i mange bygder. (Beklagar, tannlegar får ikkje jobbe her.)

## 1. God tannpleie.

Eg har god tru på at barn, unge og eldre kan få god tannpleie i eigen kommune slik som no. Det går an å samarbeide for tannlegar også.

## 2. Økonomi??

Kven trur at husleigene er billegare i Førde og andre sentrum der tannklinikkkane blir flytta til?

(Sande, Vassenden og Naustdal skal flyttast til Førde.) Er lønene lågare.

### **3. Høyring.**

Klara Øberg har fått kritikk for at arbeidsgruppa fekk munnkorg om arbeidet.

Kommunane har vore slappe med tilbakemeldingar. Spesielt dei som skulle få fleire stillingar.

Dei som misser stillingar har klaga. Askvoll og Bremanger høglytt.

Men splitt og hersk er politikken. Kva parti står opp for rettferd?

#### **4. Politikarar på fylket synest visst dette går bra.**

Folk flest bryr seg ikkje. Dette går ut over barn, ungdom og eldre i utkantane.

Og kven kan gå imot *Ei vidareutvikla og kvalitetsorientert tannhelseteneste basert på målretta førebyggjande innsats og profesjonell klinisk praksis til beste for pasientane.*

**Dette er ekte newspeak, rein svada og betyr det motsette.**

Har vi valt slike framtidretta politikarar her i fylket?

## Og kva har arbeidsgruppa å seie?

1

www.english-test.net

Frå 1. januar  
ned:  
Naustdal  
Vassenden  
Sande  
Svelgen  
Bremanger  
Askvoll  
Leikanger  
Selje  
Balestrand  
Innvik  
Hornindal  
Hyllestad  
Aurland

**REFERENCES**

16.04.2016

Asbjørn Eikerol

xxx

## **Frå prosjektrapporten.**

### **2.2 Personale**

Tannhelsetenesta har per 1.10.2015 om lag 130 tilsette, og er den mest desentraliserte tenesta til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Dei tilsette er fordelt på ca. 40 tannlegar, 20 tannpleiarar, 56 tannhelsesekretærar og 6 reinhaldarar i den utøvande tenesta, og 8 tilsette på administrativt nivå.

Om lag 50% av dei tilsette er over 50 år, og 20% er over 60 år.

Reinhaldarane er fordelt på 9 klinikkar, dei andre klinikkane har reinhald gjennom byrå. 0,40 av tannlegestillingane er klinisk teneste med narkosepasientar på Førde sentralsjukehus.

I 2014 vart det utført totalt ca. 112 årsverk.

Kwart år vert ca. 35 000 pasientar undersøkte og behandla, fordelt på om lag 28 000 pasientar i prioriterte grupper og 7000 betalande pasientar.

### **2.3 Tannklinikkar**

Det er i dag 28 offentlege tannklinikkar i Sogn og Fjordane. Tradisjonelt har det vore ein eller fleire tannklinikkar i kvar kommune. Tannklinikkane vi har i dag er av ulik storleik. Det er 9 einmannsklinikkar og 8 ambuleringsklinikkar (Hardbakke, Hornindal, Innvik, Bremanger, Naustdal, Balestrand, Vassenden og Svelgen).

### **8.3 Funksjonsfordeling i ein ny klinikksstruktur**

Arbeidsgruppa gjer framlegg om ein slik framtidsretta modell:

Vi går frå dagens 28 tannklinikkar til ein framtidsretta struktur med 17 klinikkar frå 01.01.2018.

Frå 2020 etablerer vi ein tannklinikksstruktur med 15 klinikkar.

Ambulerings- og einmannsklinikkane i Naustdal, Vassenden, Sande, Svelgen, Askvoll, Bremanger, Selje, Balestrand, Leikanger, Innvik og Hornindal vert avvikla. Tannklinikkane i Aurland og Hyllestad held fram til 2020. Desse vert samlokaliserte med nærliggjande tannklinikkar i løpet av 2020 grunna naturleg avgang.

Klinikkane i Eivindvik og Hardbakke er einmanns – og ambuleringsklinikkar som vi meiner bør oppretthaldast grunna lang reiseavstand for pasientar i Gulen og Solund dersom dei vert flytta.

Vik tannklinikk vert oppretthalden m.a. grunna klinikken sitt ansvar for pasientar frå Vik fengsel.

Klinikkane i Førde, Dale og Høyanger vert utvida for å kunne levere tenester til fleire innbyggjarar.

Klinikkane i Florø, Stryn, Lærdal og Vågsøy vert oppgraderte slik at dei svarer til dagens kvalitetskrav. Planleggingsarbeidet ved Vågsøy og Høyanger tannklinikkar har starta i 2015.

### **Kva seier lova?**

#### **§ 1-3 – Omfang av Den offentlege tannhelsetenesta:**

Den offentlege tannhelsetenesta skal organisere førebyggande tiltak til heile befolkninga.

Den skal gje eit regelmessig og oppsøkande tilbod til:

- a) Barn og ungdom frå fødsel til og med det året dei fyller 18 år
- b) Psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon
- c) Eldre, langtidssjuke og uføre i institusjon og heimesjukepleie

- d) Ungdom som fyller 19 eller 20 år i behandlingsåret.
- e) Andre grupper som fylkeskommunen har vedteke å prioritere.

Sjå heile SFJ2019: TANNHELSEUTGREIINGA – FASE II [HER](#)

**George Orwell**, Animal Farm og 1984, kan vere godt fornøgd med arbeidsgruppa sin memory hole, newspeak, doublethink.

¤¤¤

Les tidlegare artikkel. **Det kan bli mykje dyrare å gå til tannlegen.** [HER](#)







classroomclipart.com



Er det så ille om der er tannlege rundt om i alle kommunane?

Du har spørsmål eller kommentarar til dette.

Skriv kommentar nedanför, AE.

A decorative horizontal border consisting of a repeating pattern of small circles and squares.

Arbeidsgruppa har i fase II vore samansett slik:

Elisabet Skrede – konstituert fylkestannlege •

Clara Øberg – konstituert direktør for tannhelsetenesta •

Tove Måren – førstekonsulent i tannhelsetenesta •

• Britt Elise Sønnesyn – rådgjevar i tannhelsetenesta

Elin Johanne Schei Stuhaug – tillitsvaldrepresentant Parat og Delta •

Øystein Sivertsen – tillitsvaldrepresentant Tannlegeforeninga •

Paal Fosdal – assistérande fylkesrådmann •

Bjølf Årdal – prosjektleiar for omstillingsspro

Ole I. Gjerald – prosjektsekretær for omstillingsarbeidet «SEI 20

Sle i. gjeld prosjektskretær for omstillingarbeidet «SIJ 2015»